

**Øygarden kommune**

v/ Norstein Gjengedal

Ternholmvegen 2

5337 Rong

[postmottak@oygarden.kommune.no](mailto:postmottak@oygarden.kommune.no)

**Fedje kommune**

v/ Rolf Hansen

5947 Fedje

[postmottak@fedje.kommune.no](mailto:postmottak@fedje.kommune.no)

Saksnr. Øygarden: 21/23493

Saksnr. Fedje: 21/582

Dato: 31.10.2022

*Equinor-referanse: 2021-010352*

**Northern Lights – Etablering av rørledning i sjø****Søknad om igangsetjingsløyve for delar av tiltaket – Etablering av rørledning i sjø**

På vegne av tiltakshavar Equinor sender ABO Plan & Arkitektur søknad om igangsetjingsløyve for etablering av rørledning i sjø i kommunane Øygarden og Fedje.

Det vert vist til rammeløyve frå Øygarden kommune dat. 02.02.2022 og Fedje kommune dat. 20.01.2022.

Etter ei nærare prosjektering av rørledningen fram til igangsetjing er det med omsyn til sjøbotnen og eksisterande infrastruktur gjort ei mindre justering av trase frå profil KP 1 til KP 3. Rørledningen er no plassert noko lengre aust enn tidlegare vist mellom anna for å unngå kryssing av anker til oppdrettsanlegg som ligg i dette området. Det er vedlagt oppdaterte plan- og profildeikning vedlegg E1 som viser plassering av rørledningstraseen.

Trase er framleis i samsvar med godkjent reguleringsplan og ein vil framleis krysse eksisterande rørledningar og kablar etter same prinsipp godkjent av rør- og kabeleigarar. Endringa vil ikkje ha konsekvensar for andre interesser i sjø slik som t.d. fiske. Det er ikkje naboar som vert råka av endring i trase då heile tiltaket ligg i sjø, og Forsvaret er informert om denne endringa. Basert på desse forholda er det vurdert frå ansvarleg søkar å ikkje være naudsynt å endre godkjent rammesøknad, og at igangsetjingsløyve kan basere seg på allereie godkjent rammeløyve med oppdatert/trase.

[www.abo-ark.no](http://www.abo-ark.no)  
[post@abo-ark.no](mailto:post@abo-ark.no)

**Avdeling Os**

Org.nr. 879 951 542

Hamnevegen 53,

PB. 291, 5203 Os

Tlf: 56 57 00 70


**Avdeling Stord**

Org.nr. 917 495 637


Torgbakken 9

PB. 667, 5404 Stord

Tlf: 53 40 37 80



Figur 1. Tidlegare røyrledningstrase KP0 – KP3 frå rammesøknaden



Figur 2. Ny røyrledningstrase KP0 – KP3 som vert lagt til grunn for igangsetjingsløyve

Det er stilt følgjande vilkår i rammeløyve før det vert gjeve igangsetjingsløyve:

Øygarden kommune:

- Før det vert gjeve løyve til igangsetjing skal sektormyndigheiter ha gjeve naudsynte løyve/samtykke til tiltaket.
- Før løyve til igangsetjing må det stadfestast at ledning- kabeleigarar og evt. andre råka interesser er samde i søkt løysing for kryssing og at evt. tryggleikssoner er ivarettatt

Fedje kommune:

- *Fedje kommune krev at det ligg føre avtale med Telenor som sikrar Fedje mot brot i datasambandet. Igangsettingsløyve vert ikkje gjeve før avtale ligg føre og Fedje kommune er gjort kjent med innhaldet i avtalen. Lovheimel: § 28-1 i plan- og bygningslova.*

Vedrørande naudsynt løyve frå sektormyndigheiter er det sendt søknad om etablering av røyrledning i sjø til Kystverket. Det er gjeve løyve dat. 16.02.2022 med vilkår, sjå vedlagt brev Vedlegg I1. Desse vilkåra vil bli oppfylt som del av arbeidet med legging av røyrledningen. Det er gjennomført møte med Fiskeridirektoratet, Norges Fiskarlag, Fiskarlaget vest, den 16. mai 2022 for å informere om planlagt marin aktivitetar i 2022 og 2023. Kystverket er også informert om endring i rute.

Både Øygarden og Fedje kommune stiller krav om at det skal stadfestast at ledning- og kabeleigarar og evt. andre råka interesser er samde i løysing for kryssing og at evt. tryggleikssoner er ivaretatt. Det er gjennomført avklaringsmøte med Fedje kommune 8. februar der det vart stadfesta at også vilkåret til Fedje vert stetta med dokumentasjon i samsvar med Øygarden kommune. Det er oversendt teknisk skildring av løysningar for kryssing av infrastruktur til eigarar langs trase og ein har mottatt stadfesting på at desse løysingane er tilstrekkelege for kryssing og tryggleikssoner. Tabell under viser kabeleigar og stadfesting. Dersom det er behov for meir kontaklinformasjon kan dette oversendast.

Det er installert ein ny fiberkabel i Hjeltefjorden sommar 2022. Northern Lights-prosjektet har vore i kontakt med eigar av kabel og desse har bekrefta prinsipper for teknisk løysning ved kryssing av kabel 6.10.2022.

Kabeleier	Bekreftelse at teknisk løysning er godtatt	Kontaktperson, teknisk bekreftelse
Statnett	15.03.2022	Ole Petter Hobberstad
BKK	18.03.2022	Tommy Andre Fonnes
Telenor	17.03.2022	Magnar Greve
N0r5ke Viking Fibercable	06.10.2022	Stig Salater

Vedrørande oppdrettsanlegg nord for Ljøsøyna vil det ikkje være naudsynt med kryssing av ankringsanlegg då røyrledningen vil ligge utanfor desse anlegga.

Vedlagt ligg:

- Søknad om igangsetjingsløyve
- E1 Plan- og profildeikning KP1-KP5
- G1 Gjennomføringsplan versjon 3
- G2 Samsvarserklæring prosjektering Subsea 7 Norway AS
- G3 Erklæring om ansvarsrett utføring Subsea 7 Norway AS
- G4 Plan for uavhengig kontroll Equinor ASA
- G5 Kontrollerklæring uavhengig kontroll Equinor ASA
- I1 Løyve Kystverket

For nærmare informasjon om søknaden ta kontakt med undertegna eller med Laurence Pinturier i Equinor med kontakinfo tlf: 95216388, epost: [lpint@equinor.com](mailto:lpint@equinor.com)

Med venleg helsing

**ABO Plan & Arkitektur AS**



Arne Kristian Kolstad

Planleggar

Tlf: 95721101

[arne@abo-ark.no](mailto:arne@abo-ark.no)